



## **Protokoll årsmøte i Osterøy IL 21 mars 2023 kl 18:30 Klubbhuset på Hatland**

Innkalling til årsmøtet vart annonsert på heimesida og på e-post til alle medlemmar.

### **Sakliste:**

1. Godkjenne stemmeretten til dei frammøtte
2. Godkjenne innkalling, sakliste og forretningsorden
3. Val av ordstyrar, referent og 2 medlemmar til å underskrive protokollen
4. Årsmelding for 2022, samt gruppene sine årsmeldingar
5. Rekneskap for 2022 i revidert stand
6. Kontrollutvalet si beretning
7. Fastsetja medlemskontingent for 2024
8. Oppretting og nedlegging av grupper
9. Fullmakt til låneopptak
10. Budsjett 2023
11. Val av revisor
12. Organisasjonsplan
13. Gjera følgjande val:
  - a. Leiar
  - b. 2 styremedlemmar og 2 varamedlemmar
  - c. Kontrollutval med leiar og ein medlem
  - d. Representantar til ting og møte i dei organisasjonsledda som idrettslaget har representasjonsrett i.
  - e. Valnemnd med leiar, ein medlem og ein varamedlem.
  - f. Godkjenning av styret til dei einskilde gruppene.
14. Oppnemning av nye æresmedlem i Osterøy IL

Dokument til behandling på årsmøte:

- Årsmelding 2022
- Rekneskap 2022 og budsjett 2023
- Organisasjonsplan for OIL

Ved spørsmål ta kontakt med [post@osteroyil.no](mailto:post@osteroyil.no)

Vennleg helsing

Styret i Osterøy IL

**Referat:****SAK 1 Godkjenne stemmeretten til dei frammøtte****Til stades:**

Ragnhild Balsvik, Tore Langeland, Thomas Mosevoll, Guro K Vevle, Mantas Buinauskas, Lovise Mari Antun Hopsdal, Therese Borgstein, Geir Kleppe, Vidar Simmenes, Karl Johan Reigstad, Anders Flæsland, Bernt Johan Flæsland, Herman Neu Beckstrøm, Arne Reigstad, Bjarte vik, Jørgen Varden, Elin Kleppe Fossbakken og Mats-Eirik Elvik

**Årsmøtet godkjente stemmeretten til dei frammøtte. Therese Borgstein er ikkje medlem, har uttalerett, men ikkje stemmerett.**

**SAK 2 Godkjenne innkalling, sakliste og forretningsorden****Framlegg til vedtak:**

1. Årsmøtet godkjenner innkalling og sakliste
2. Framlegg til forretningsorden
  - a. Årsmøtet vert leia av ordstyrar vald i sak 3 og den valde referenten skriv protokoll.
  - b. Ingen kan ha ordet meir enn tre gongar i same sak. Taletida vert avgrensa til tre minutt fyste gong, og to minutt for andre og tredje gongs innlegg. Ordstyrar kan forkorte taletida og setje strek for talelista etter behov.
  - c. Alle framlegg må leverast skriftleg til ordstyrar og må vera signert. Nye framlegg kan ikkje fremjast etter at strek er satt og saka er tatt opp til voting. Framlegg kan berre koma i saker som står på saklista.

**Årsmøtet godkjente innkalling, saksliste og forretningsorden****SAK 3 Val av ordstyrar, referent og 2 medlemmar til å underskrive protokollen**

Årsmøte valde referent: Mats-Eirik Elvik

Årsmøte valde ordstyrar: Ragnhild Balsvik

Årsmøte valde Lovise Mari Antun Hopsdal og Arne Reigstad til å underskrive protokoll.

**SAK 4 Årsmelding for 2022 samt gruppene sine årsmeldingar**

Ordstyrar/leiar gjekk gjennom årsmeldinga. Turngruppas årsmelding er komt inn, men vil bli lagt til i endeleg årsmelding.

**Vedtak: Årsmøtet godkjente årsmeldinga**

## **SAK 5 Rekneskap 2022 og disponering av årsresultat**

Dagleg leiar la fram resultatrekneskap og balanse for Osterøy IL samla og for dei einskilde gruppene. Samla driftsinntekter var på 5 413 587 NOK og samla driftskostnader på 4 153 644 NOK. Overskot for heile OIL var på 1 346 532 NOK. Hovudårsak til stort overskot er tilknytt tildelte spelemidlar til friidrettsbana.

Kommentar frå Bernt J Flæsland: Sjølv om overskotet er stort, er det viktig å oppretthalda inntekta framover.

Dagleg leiar informerte om tilbakemelding frå revisors beretning. Det vart gitt gode tilbakemeldingar om idrettslagets drift og økonomiske oppfølging. Skryt til dei økonomisk ansvarlege i gruppene og hovudlaget.

**Vedtek: Årsmøtet godkjente styret sitt framlegg til rekneskap for 2022 og disponering av årsresultat.**

## **SAK 6 Kontrollutvalet si beretning**

Leiar for kontrollutvalet informerte om si beretning. Positiv til samarbeidet med dagleg leiar og leiar i idrettslaget. Dokumenter har blitt oversendt på forespørsel.

**Årsmøtet tek beretninga til vitande**

## **SAK 7 Fastsetje medlemskontingent for 2024**

Fra 2008 har det blitt vedteke at årsmøtet fastset medlemspengar for påfølgjande år, dvs. i dette tilfellet for 2024. Medlemspengane for 2023 vart vedtekne på årsmøtet i 2022, og er kr 600,- for vaksne og kr 300,- for born. Medlemspengane har vore uendra sidan 2016.

**Årsmøtet vedtok følgjande medlemskontingent for 2024:**

Medlemspengane for 2024: Barn: kr 300,- og vaksne kr 600,- med gebyr på kr 35 pr. purring. Nye innmelde etter 01.08 betalar halv sats for det første året.

## **SAK 8 Opprettning og nedlegging av grupper**

Det er ikkje gjort framlegg om opprettning eller nedlegging av grupper i OIL.

## **SAK 9 Fullmakt til låneopptak**

Styret i fotballgruppa ber årsmøtet i OIL om fullmakt til ei låneramme på kr 6 000 000 for rehabilitering av idrettsanlegget Fugledalen. I tillegg til bytte av kunstgrasdekke, ynskjer fotballgruppa å installere vatningsanlegg samt bytte ut dagens lysanlegg.

Kunstgrasdekket i Fugledalen vart lagt i 2008, og tatt i bruk i 2009. Sidan den gong har det vore høgt aktivitetsnivå og stor slitasje på bana. Vanleg levetid på ei kunstgrasbane er på 8-13 år, medan vår no er 14 år gammal.

På sommaren gjer varmt vær at bana i Fugledalen vert tørr, får dårlegare speleeigenskapar og auka slitasje. Det er difor eit ynskje frå fotballgruppa om at vatningsanlegg vert installert. Det vil vere fordelaktig å gjere dette samtidig som ein rehabiliterer dekke, slik at ein i minst mogleg grad stoggar aktivitetene på anlegget.

Lysanlegget i Fugledalen må òg oppgraderast. Ein ynskjer å skifte ut dagens halogen-pærer med LED-pærer. Dette vil gjere anlegget mykje meir energieffektivt, og kutte straumkostnadane betrakteleg.

For å finansiere dette, ynskjer fotballstyret at årsmøtet gjev fullmakt til ei låneramme på kr 6 000 000. Dekket skal finansierast gjennom dette lånet og eigenkapital. Fotballgruppa har god likviditet, med ca. kr 1 500 000 i ubunden eigenkapital. Fotballgruppa har òg motteke finansieringsbevis for rehabiliteringa. I tillegg vil ein søkje om kommunal lånegaranti. Denne finansieringsplanen er stor nok til å finansiere rehabiliteringa i seg sjølve, men det er store mogelegheiter for at ein òg kan få ulike tilskot. Spesielt dersom ein går for eit miljøvennleg dekke.

Lysanlegget har ein kostnad på kr 700 000 eks. mva, medan vatningsanlegget vil ha ein kostnad på kr 600 000 – 800 000 eks. mva. Den nøyaktige prisen er avhengig av tilbydar og type vatningsanlegg. Ein vil søkje om spelemidlar til dette, men ikkje før på søknaden til neste år. Framlegg av vatn og andre tekniske installasjonar kjem i tillegg.

Søknad om spelemidlar til dekke er sendt inn, og vil truleg verte godkjent. Ein kan då få 1/3. Ein vil søkje om spelemidlar til lysanlegg og vatningsanlegg, men ikkje før i 2024. I tillegg vil fotballgruppa søkje om støtte hjå ulike organ og organisasjoner. Det vil også vera naturleg at fotballgruppa aukar inntektene, gjennom til dømes dugnadar, lotteri og auka sponsorinntekter.

Prosessene med å velje dekke har vore særskilt krevjande. Dette er spesielt knytt til usikkerheit rundt framtidige miljøkrav, samt kvaliteten på dagens miljøvennlege alternativ. Rehabiliteringa er ein stor kostnad for fotballgruppa, og ein er difor avhengig av eit godt grunnlag før ein kan fatte ei avgjersle. Det er ikkje berre Osterøy IL som har utfordringar med val av banedekke. Det er for tida 70% færre bygde baner enn normalen, og berre 20% av banene som vart bygd mellom 2008-2012 er vorte rehabilert. Mykje av dette er på grunn av usikkerhet knytt til miljøkrav.

I følgje NFF, vil det truleg kome eit EU-forbod mot gummigranulat i løpet av året, men det er usikkert kortid det vil tre i kraft, eller kva det vil seie for nasjonale føringar. Samstundes oppmoda fotballpresidenten til å legge gummigranulat, då ho talte på kretstinget til NFF Hordaland i februar. Fotballgruppa har vore i kontakt med anleggssjef i NFF, Øyvind Trygge Moltubakk, men fekk ikkje noko konkret tilråding frå han.

Fotballgruppa har vurdert fleire forskjelledekk, men har landa på at ein primært ynskjer å gå for eit miljøvennleg dekke. Ein har då sett på eit miljøvennleg dekke med innfyll av kork og kokos. Klubben har vore i kontakt med tilbydar og ulike klubbar som brukar dekket, og dei gjer gode skussmål. Dette dekket føreset at bana har god drenering. Det har bana i Fugledalen. Ein utfordring er likevel at bana vert hardare enn ei gummigranulat-bane ved kalde temperaturar på vinteren, og får reduserte speleeigenskapar. Kor stor utfordring dette vil vere, er uvisst.

Dei siste dagane har det kome inn eit nytt alternativ frå tilbydar. I løpet av dei par neste vekene, skal det lanserast eit nytt miljøvennleg alternativ. Dette er eit «granulatfritt» dekke, med >1% gummi (noko som er innanfor krava). Dekket skal ha like gode speleeigenskapar som dagens granulatbaner og skal kunne leggjast innan relativt kort tid. Tilbydar ynskjer å ha Fugledalen som eit «pilot-prosjekt» på dette dekket. Fotballstyret er interessert i denne løysinga, og vil difor avvente eit par veker til før ein tek den endelege avgjersla om kva type dekke ein går for.

### Oversyn spelemiddelsøknad skifte til kunstgras med kork/miljøvenleg ifyll + lysanlegg

Osterøy Idrettslag kostnadsoverslag					
	Utgifter som gir rett til tilskot	Sum kjøpte varer ot tjenester	Mva kjøpte varer og tjenester	Verdi dugnad	Sum totalverdi 1 + 2 + 3
<b>Administrasjon idrettslag</b>	kr 343 000	kr 85 500		kr 428 500	
<b>Grunnarbeid</b>				kr -	
<b>Aktivitetsdekke</b>	kr 3 735 000	kr 933 750	kr 100 000	kr 4 768 750	
<b>Lysanlegg</b>	kr 775 679	kr 188 920	kr 34 000	kr 998 599	
<b>Uforutsett</b>	kr 687 000	kr 171 750		kr 858 750	
<b>Sum utgifter som gir rett til tiskot</b>	kr 5 540 679	kr 1 379 920	kr 134 000	kr 7 054 599	

Pristilbod på vatningsanlegg ligg i storleiken 600000-800000 + mva. Med 1/3 i spelemedlar må ein pårekna ein eigendel i storleiken 400000 til 500000. Ut frå dette ber ein om at årsmøtet tilrår ei låneramme på kr 6000000.

## Oversikt kontantstraum/finansieringsplan (meir informasjon i årsmøtet)

Inndata		Utdata									
Lånebeløp	6 000 000 kr										
Tid	20 år	Annuitetsbeløp 2023	-kr 42 985,86	NB! Månadleg terminbeløp							
rente p.a.	6,00 %	Annuitetsbeløp 2024 - 2025	-kr 129 875,92	Kvartalsvis terminbeløp							
Termingebyr	120 kr	Annuitetsbeløp 2025 - 2026	-kr 106 737,75	Kvartalsvis terminbeløp							
Etabl.gebyr	3000 kr	Annuitetsbeløp 2026 -	-kr 85 533,45	Kvartalsvis terminbeløp							
<i>På grunn av spelemidlar og dermed nedbetaling av lånet, vil terminbeløpet verte lågare undervegs (gitt same nedbetalingstid).</i>											
Oppstart	august										
Terminer år 1	12										
terminer år 2- 20	4	<b>Kontantstrøm lån 6 mill</b>									
				aug.23	sep.23	okt.23	nov.23	des.23			
Inntekt dgnad	150 000 kr	Lånebeløp	kr	6 000 000	kr 5 987 014	kr 5 973 963	kr 5 960 847	kr 5 947 666			
Innskutt EK	500 000 kr	Avdrag lån	-kr	12 986	-kr 13 051	-kr 13 116	-kr 13 182	-kr 13 248			
		Rente lån	-kr	30 000	-kr 29 935	-kr 29 870	-kr 29 804	-kr 29 738			
		Spelemidlar									
		<b>Kontantstrøm Prosjekt Fugledalen</b>		aug.23	sep.23	okt.23	nov.23	des.23			
		Lån	-kr	42 986	-kr 42 986	-kr 42 986	-kr 42 986	-kr 42 986			
		Inntekt dgnad pr. semester	kr	150 000					kr 150 000		
		EK	kr	500 000							
		KS	kr	607 014	kr 564 028	kr 521 042	kr 628 057	kr 585 071			
		<i>Kontantstrømmen over viser kva inntekter og utgifter ein har ved prosjektet. Dvs. likviditeten vår undervegs.</i>									
		<i>"Inntekt dgnad pr. semester" er knytt til Fibgreen (sal av sokkar, fiberklutar, førstehjelppskrin mm)</i>									
		<i>EK er eigenkapital som me tærer på undervegs i prosjektet.</i>									

Ragnhild innleia kort. Saksgrunnlaget var noko oppdatert i forhold til utsendt grunnlag. Leiar i fotballgruppa, Herman N Beckstrøm, la fram begrunning t for utskifting. Det er og gjort grundige utgreiingar til val av alternativt banedekke, men det er vanskeleg å velje alternativ. Fotballgruppa ynskjer å velje eit miljøvennleg, men dersom valget vert gummigrandulat må ein uansett sikre god oppsamling slik at ein minimaliserer miljøforureininga. Det er levert inn spelemiddelsøknad. Kontantstrøm for fotballgruppas betjening av lånet vart presentert, og med forslag om konkrete dgnadstiltak for å auke inntekt.

Nokre spørsmål:

Det vart stilt spørsmål om å bruke 20 års nedbetalingstid, når levetida er ca 15 år.

Kva med forsikring, er det vurdert. Kva om «miljøvennleg» alternativ ikkje fungerer godt nok og vert øydelagt.

**Vedtak: Årsmøtet godkjente at Osterøy IL kan ta opp eit lån på inntil kr 6 000 000 for å finansiere skifte av dekke på kunstgrasbana, nytt lysanlegg og vatningsanlegg.**

**Fotballgruppa vert ansvarleg for betjening av lånet.**



## SAK 10 Budsjett 2023

Budsjett for Osterøy IL fordelt gruppevis og for hovudkassen vert lagt fram på årsmøtet.

Dagleg leiar gjekk gjennom budsjettet. Stort sett er budsjettet basert på framskriving. Sak 9 er ikkje tatt inn i budsjettet, noko som vil redusere overskotet.

**Vedtak: Årsmøtet godkjente styret sitt framlegg til budsjett for 2023.**

## SAK 11 Val av revisor

**Vedtak: Årsmøtet godkjente Sigma Revisjon AS som engasjert revisor for Osterøy IL.**

## SAK 12 Organisasjonsplan

**Vedtak: Årsmøtet godkjener styret sitt framlegg til organisasjonsplan.**

## SAK 13 Val

- Leiar
- 2 styremedlemmar og 2 varamedlemmar
- Kontrollutval med 1 leiar og ein medlem
- Valnemnd med leiar, ein medlem og ein varamedlem.
- Representantar til ting og møte i dei organisasjonsledda som idrettslaget har representasjonsrett i.
- Val i samsvar med organisasjonsplan – godkjenning av styret til dei einskilde gruppene

Leiar og nestleiar skal veljast enkeltvis. Dei andre medlemene skal veljast samla. Deretter skal varamedlemene veljast samla, og ved skriftleg val vert rekkjefølgja avgjort i høve til stemmetala.

### Valnemnda sitt framlegg til Styret (markert med gult)

Funksjon	Namn	År
Leiar	Ragnhild Balsvik	2023
Nestleiar	Jarle Vik	2022-2023
Sekretær	Mats-Eirik Elvik	2023-2024
Controllar	Guro Kjelvik Vevle	2023-2024
Styremedlem	Thomas Mosevoll	2022-2023
Varamedlem	Fredrik Evensen	2023
Varamedlem	Elin Kleppe Fossbakken	2023

**a) Vedtak: Årsmøtet godkjente framlegg til leiar**

**b) Vedtak: Årsmøtet godkjente framlegg til sekretær, controllar og varamedlemmer**

**c) Valnemnda sitt framlegg til Kontrollutval**



Geir Kleppe, leiar 2022-2023 (ikkje på val)  
Jane Gullbrå Gjerstad, medlem 2023-2024

**Vedtak: Årsmøte godkjente framlegg til kontrollutval**

d) Valnemnd for hovudstyret fram for årsmøtet i 2020

**Vedtak: Årsmøtet godkjente følgande framlegg til valnemnd**

Torbjørn Hovden (leiar) 2023-2024

Herdís Helle (medlem) 2023-2024

Vara: Trygve Feidje Mjelde 2023-2024

e) Representantar til ting og møte i dei organisasjonsledda som idrettslaget har representasjonsrett i:

**Vedtak: Årsmøtet godkjente at medlemmar frå styret kan representera laget i slike høve. Styret får fullmakt til sjølv å utpeike representantar. Styret kan gje fullmakta vidare til gruppestyra når det gjeld representasjon innan eigen idrett.**

f) Gruppestyra 2023.

Gruppe	Leiar	Kasserar	Skrivar
Fotball	Herman Neu Beckstrøm	Monica B. Vevle	Herman Neu Beckstrøm
Friidrett	Bjarte vik	Ingri Mjelde Birkeland	Herdís Helle
Ski	Johnny Mostraum	Bernt Johan Flæsland	Grethe Fjellskålnes
Handball	Elin Kleppe Fossbakken	Mette Valle	Elin Kleppe Fossbakken
Turn	Baste Neu Hatland	Lovise M. A. Hopsdal	Lovise M. A. Hopsdal

**Vedtak: Årsmøtet godkjente styra for dei einskilde gruppene**

**SAK 14 Oppnemning av nye æresmedlem**

Skigruppa i Osterøy IL har gjort framlegg om å oppnemne Bernt Johan Flæsland og Øivind Aasheim til æresmedlemmar i Osterøy IL. Dei har begge i mange år vert aktive i Osterøy IL.

Øivind Aasheim starta aktivt å gå på ski tidleg på 1960-talet og hadde ei flott karriere både i ski og friidretts miljøet. Øivind Aasheim vart i 1965 den første i laget som vart utteken til NM for yngre junior. Øyvind har inntil nyleg vert svært aktiv i skigruppa og er ein av dei som alltid har stilt opp og bidratt. I mange år var han med i styret og han har reist rundt som sekundant og smørjar for Osterøy IL og Hordaland Skikrets.

Bernt Johan Flæsland flytta etterkvart frå Hamre til Rolland og engasjerte seg straks i idrettsmiljøet. Han har blant anna drevet med skiskyting og deltok i Distriktsmeisterskapet i 1980. Bernt har i mange år vert kasserar i skigruppa og bidratt til ein solid økonomi i gruppa. Han reiser framleis både innlands og utanlands som smørjar for Osterøy IL, Hordaland Skikrets, og Team Bauhaus.



Med fartstid i ski-miljøet heilt frå 1960 talet (Øivind) og 1970 talet (Bernt) har dei opplevd ei enorm utvikling innan skisporten. Begge har i ei årrekke stilt opp på kvart einaste renn i Hordaland og følgt løparar frå klubben på Ungdommens Holmenkollrenn, Hovudlandsrenn, Norges cup og NM for junior og senior. Dei har og vert med på nasjonale renn og meisterskap som smørjarar for Hordaland Skikrets. Bernt og Øivind har gjennom eit årelangt engasjement for skigruppa opparbeida seg erfaring og høg kompetanse innan smørjing og dei er anerkjent for det langt utanfor klubben og Hordaland Skikrets. Ski og smørjing av ski kan vera utfordrande utan erfaring frå ski-miljøet. Her har Øyvind og Bernt bidratt og vert heilt avgjerande for at unge håpefulle skiløparar har fått motivasjon til å gå på ski. Med sin kunnskap og innsats har dei bidratt til at barn og unge med foreldre utan ski og smurningskunnskap har fått gode ski og glede i skisporet.

Øyvind og Bernt har begge lagt ned mange dugnadstimar i lysløypa på Rolland og bidratt sterkt til den løypa som me har i dag.

**Vedtak: Årsmøtet oppnemte Bernt Johan Flæsland og Øivind Aasheim til æresmedlemmar i Osterøy IL.**

**SIGNATURES****ALLEKIRJOITUKSET****UNDERSKRIFTER****SIGNATURER****UNDERSKRIFTER**

This documents contains 9 pages before this page  
Dokumentet inneholder 9 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 9 sivua ennen tästä sivua  
Dette dokument indeholder 9 sider før denne side

Detta dokument innehåller 9 sidor före denna sida

authority to sign  
representative  
custodial

asemavaltuutus  
nimenkirjoitusoikeus  
huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt  
firmateckningsrätt  
förvaltare

autoritet til å signere  
representant  
foresatte/verge

myndighed til at underskrive  
repræsentant  
frihedsberøvende